



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	30.01.2017
06/2017	Kommunestyret	PS	13.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA - A10, TI - &00	17/61

ENDRING AV VEDTEKTER FOR VAKSDAL KOMMUNALE BARNEHAGE

Vedlegg:

Vedtekter Vaksdal kommunale barnehage

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene for Vaksdal kommunale barnehage vert vedtekne slik dei ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 04/2017

FPØ - Behandling:

Rådmannen kom med ei presisering på kva som er endra i vedtektene.

Endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

§ 8 Opningstider

Setninga: "Kriterie for opningstida er at minimum 6 barn (4 på Stamnes) nyttar tidspunktet fast" går ut

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Vedtektene for Vaksdal kommunale barnehage vert vedtekne slik dei ligg føre med ei endring:

Vedtektene § 8 vert endra til:

Barnehagen er open heile året. Opningstida er frå kl. 06:45 – 17:00. Barna har tilbod om plass i 12 månader. Barnehagen er stengt helge- og høgtidsdagar, jul- og nyttårsaftan og 5 planleggingsdagar fastsett i skule- og barnehagerute. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl. 12:00. Det pedagogiske barnehageåret går frå medio august til medio juni.

Nytt punkt. § 8.1

Registrering av frammøte i barnehagen i VIGILO skal ikkje nyttast utan at foreldre skriftleg samtykker til slik registrering jfr. personopplysningslova § 2, punkt 7 og § 11 siste setning.

Framlegg frå Heidi Rongved:

Siste setning i § 19 vert endra til: Administrasjonen har fullmakt til å gjere endringar som fylgje av statlege pålegg.

Røysting:

Det vart røysta slik:

1. Framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.
2. 1. avsnitt i framlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 2 røyster (H, SV) og fall.
3. 2. avsnitt i framlegget frå Kjartan Haugsnes (§ 8.1) (÷ "i VIGILO") vart samrøystes vedteke.
4. Framlegget frå Heidi Rongved vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding:

Vedtektene for Vaksdal kommunale barnehage vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

§ 8:

Setninga "Kriterie for opningstida er at minimum 6 barn (4 på Stamnes) nyttar tidspunktet fast" går ut.

Ny § 8.1.:

Registrering av frammøte i barnehagen skal ikkje nyttast utan at foreldre skriftleg samtykker til slik registrering jfr. personopplysningslova § 2, punkt 7 og § 11 siste setning.

§ 19 siste setning endra til:

Administrasjonen har fullmakt til å gjere endringar som fylgje av statlege pålegg.

Kommunestyret - Sak 06/2017

KOM - Behandling:

SV fremja sitt framlegg frå formannskapet på nytt.

Kjartan Haugsnes, SV, fremja følgjande protokollmerknad og inviterte andre parti til å slutta seg til:

Partia SV og viser til delegert ansvarsmynde til utval for levekår, Arbeids og ansvarsområde kulepunkt 3.

Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er:

*•Oppvekst og opplæring (barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og vaksenopplæring)
Levekårsutvalet har: «Innstillingsmynde til kommunestyret i alle saker innan utvalet sitt ansvars- og arbeidsområde. I saker som krev endringar i budsjetttrammene er det naudsynt at også formannskapet (som er økonomiutval) handsamar sakene før dei går til kommunestyret.»*

I høve delegasjonsreglementet til Vaksdal kommune skulle denne saka vore handsama i Levekårsutvalet først.

Endringsframlegg til § 8.1. frå Heidi Rongved på vegner av AP, SP:

Registrering av frammøte i barnehagen skal ikkje nyttast til å justera opningstider utan at foreldra er varsla på førehand.

Nytt endringsframlegg til § 8.1. frå Kjartan Haugsnes, SV:

Bruk av elektroniske dataløysingar i barnehagen skal ikkje nyttast utan at foreldre vert informert og samtykker til bruk og registrering av eige born.

Framlegget frå Heidi Rongved vart så trekt

Røysting:

Formannskapet si tilråding med endring i § 8 vart samrøystes vedteken Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 7 røyster (SV, H, FRP, MDG) og fall Kjartan Haugsnes sitt framlegg i § 8.1. vart sett opp mot formannskapet si tilråding - Kjartan Haugsnes sitt framlegg samrøystes vedteke.

Formannskapet si tilråding med endring i § 19 vart samrøystes vedteken Kommunestyret slutta seg så samrøystes til protokollmerknaden frå Kjartan Haugsnes.

KOM - Vedtak:

Vedtektene for Vaksdal kommunale barnehage vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

§ 8:

Setninga "Kriterie for opningstida er at minimum 6 barn (4 på Stamnes) nyttar tidspunktet fast" går ut.

Ny § 8.1.:

Bruk av elektroniske dataløysingar i barnehagen skal ikkje nyttast utan at foreldre vert informert og samtykker til bruk og registrering av eige born.

§ 19 siste setning endra til:

Administrasjonen har fullmakt til å gjere endringar som fylgje av statlege pålegg.

Protokollmerknad:

Partia i kommunestyret viser til delegert ansvarsmynde til utval for levekår, Arbeids og ansvarsområde kulepunkt 3.

Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er:

- Oppvekst og opplæring (barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og vaksenopplæring)

Levekårsutvalet har: «Innstillingsmynde til kommunestyret i alle saker innan utvalet sitt ansvars- og arbeidsområde. I saker som krev endringar i budsjetttrammene er det naudsynt at også formannskapet (som er økonomiutval) handsamar sakene før dei går til kommunestyret.»

I høve delegasjonsreglementet til Vaksdal kommune skulle denne saka vore handsama i Levekårsutvalet først.

Saksopplysningar:

I vedtektene til Vaksdal kommunale barnehage om opningstider i barnehagen står det at dei ytre rammene for den daglege opningstida er frå kl. 06:45 – 17:00. Utifrå behovet i den einskilde barnehage og drøftingar i SU og mellom dei tilsette, fastset rådmann, etter råd frå styrrar og i forståing med SU, den daglege opningstida i den einskilde barnehage.


I dei endra vedtektene er det lagt til ei presisering av behov; eit behovskriterie.

Barnehagane skal registrera frammøte som fast rutine og kriterie for opningstida er at minimum 6 born (4 på Stamnes) nyttar gitt opningstid fast. Behovskriteria vil vera eit godt vurderingsverktøy for leiarane til drøfting med SU, og det vil kunne vera meir føreseieleg for foreldre i høve forventningar om opningstida.

Bornetalet minimum 6 (4 på Stamnes), er vurdert som rimeleg ut frå tal born i barnehagane. I tidlegare drøftingssak i formannskapet er det gitt signal om å nytte same behovskriteria i barnehage som i SFO, der tala er 6 (4 på Stamnes).

Erfaringstal viser at det er få eller ingen born som nyttar dei ytre rammene av opningstida. Hausten 2016 har barnehagen teke ut rapport med registrering frå veke 36 – 40. Denne rapporten viser at det er nær ingen born som nyttar tida mellom kl. 06.45 – 07.00 og kl. 16.30 – 17.00. Det vil seie at vi i periodar av dagen på det jamne er bemanna, utan at det er born tilstades i barnehagen.

Oppmøte i barnehage



Frå 01.01.2017 har barnehage tatt i bruk VIGILO, eit digitalt kommunikasjons-, planleggings- og dokumentasjonsverktøy, som blant anna gjev barnehagen oversikt over leverings- og hentetidspunkter. Oversikt over leverings- og hentetidspunkt kan enkelt nyttast til vurdering av opningstider etter gjeldande vedtekter.